

STATUSRAPPORT



26.06.2014

NRK Nynorsk mediesenter

Stor auke i søkjartalet til kull 21, og for fyrste gong har vi tilsett nynorskpraktikantar med bakgrunn frå Libanon og Troms!

Totalt har vi sendt frå oss 100 nynorskpraktikantar, og 72 % av dei arbeider i media. Dei fleste er i NRK, men folka våre får seg også spennande jobbar elles.

STATUSRAPPORT - NRK Nynorsk mediesenter

Stor auke i søkjartalet

- Det var 54 søkerar til dei fem plassane som nynorskpraktikantar på kull 21. Det er dobbelt så mange som til førre kull, og opp mot rekorden på 60 frå den tid då «alle» skulle bli journalistar for ti år sidan. Ei hyggeleg overrasking, som vi ikkje heilt veit forklaringa på, seier Magni Øvrebotten.

Ho er glad for at det denne gongen lukkast å få tak i nynorskpraktikantar med både utanlandsk bakgrunn og frå område i Norge der nynorsken står svakt. - Vi har aldri hatt nynorskpraktikantar frå Libanon/Øystese og Troms før, sistnemnde også med samiske aner. Resten av kullet er frå fylka Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, som vi tradisjonelt har mange søkerar frå, seier Øvrebotten.



Frå venstre Elias Engevik (1995), Solund i Sogn og Fjordane, Sigrid Agnethe Hansen (1989), frå Harstad i Troms, Hibba Sarmadawy (1987), frå Libanon og Øystese i Hordaland, Ine Eftestøl (1984), Bryne i Rogaland og Tor-Erik Humlen (1988), frå Langevåg i Møre og Romsdal.

Elias Engevik er snart ferdig med idrettslinja ved Sygna vidaregåande skule i Balestrand. Han har laga kortfilmar og levert saker til nettsida til NRK Sogn og Fjordane.

Sigrid Agnete Hansen har vore konsekvent nynorskbrukar sidan ho byrja studere, fordi ho meiner dialekten hennar ligg nærrare nynorsk enn bokmål. Ho er snart ferdig med

masteroppgåva si i samfunnsplanlegging og kulturforståing ved Universitetet i Tromsø. Ho har mellom anna vore utvekslingsstudent ved Sorbonne-universitetet i Paris og arbeidd som tilkallingsvikar i Mediehuset iTromsø.

Hibba Sarmadawy er fødd i Saudi-Arabia og kom til Norge fem år gammal, med far frå Syria og mor frå Libanon. Dei var politiske flyktningar og busette seg i Øystese i Hardanger. Ho er forskingskoordinator i FAFO og biblioteksekretær ved Universitetsbiblioteket i Oslo. Har ein bachelor i samanliknande politikk frå Universitetet i Bergen, har studert sosiologi ved Universitetet i Oslo og vore utvekslingsstudent ved det amerikanske universitetet i Kairo. Hibba Sarmadawy arbeidde i Radio Nova som student, har vore tolk og hatt mange ulike jobbar attåt studiane.

Ine Eftestøl er medieansvarleg i Bryne fotballklubb, og har mellom anna arbeidd for Rogalands Avis og no NRK Rogaland. Har master i både kunst og media og journalistikk og kommunikasjon frå Griffith-universitetet i Australia, bachelor i psykologi ved same universitet, og grunnfag i engelsk frå Universitetet i Bergen.

Tor-Erik Humlen arbeider i TV2 Sumo, som er ein del av SoMe-teamet, som held kontakt med følgjarane deira på Facebook, Twitter, Snapchat og Instagram. Har studert nordisk språk og litteratur ved Universitetet i Bergen, vore kundekonsulent i Skandiabanken og hatt sommarjobb som førstesekretær ved opptakskontoret ved Høgskulen i Ålesund.

100 nynorskpraktikantar



1. juli er kull 20 ferdige som nynorskpraktikantar, og med dei har vi i NRK Nynorsk mediesenter sendt frå oss 100 nynorskpraktikantar.

Oddbjørn Myklebust **Opsal** (1988) har ekstern praksis i «Salongen» i NRK P2 og får tilkallingskontrakt der. Liv Ragnhild Holdhus **Sjursen** (1984) har praksis i Her og Nå, og har fått sommarjobb ved NRK Trøndelag sitt kontor i Steinkjer. Guro **Kvalnes** (1988)

har praksis i Kulturnytt i NRK P2 og får tilkalling der framover. Silje Steinnes **Bjerknes** (1988) har ekstern praksis i NRK Møre og Romsdal, og held fram der i sommarjobb og på tilkalling. Halvor Farsund **Storvik** har praksis i NRK Sogn og Fjordane, mellom anna ved lokalkontoret i Sogn, og held fram som tilkallingsvikar.

Slik summerer kull 20 opp tida som nynorskpraktikantar:

Halvor Farsund Storvik:

- I løpet av eit halvt år har eg lært så mykje at det er skremmande. Det som før skremte vitet av ein stakkars avisjournalist, som å stå framfor kamera eller snakke i ein mikrofon, har no blitt ein del av kvardagen. Trass i at heile bransjen er nede i ein bølgedal, har Nynorsk mediesenter fylt meg med framtidstru og lyst til å satse på journalistikken.

Silje Steinnes Bjerknes:

-Tida som nynorskpraktikant har vore veldig lærerik, både med oppturar og nedturar. Eg har lært å bli endå meir bevisst på språket mitt, og korleis eg kan nytte det til journalistiske føremål. Vi har lært den nødvendige teorien bak journalistikken, samtidig som vi har fått lære korleis vi kan vere gode førebilete for målforma vår. Det har til tider vore krevjande, med ei ny utfordring rundt kvar sving, men eg føler eg har lært mykje om kva som skal til for at eg kan bli ein god journalist. No håpar eg å få nytta dei reiskapane eg har fått ved Nynorsk mediesenter til å utvikle meg vidare innanfor journalistikken.

Oddbjørn Myklebust Opsal:

- Dette har vore ei reise, der eg har lært utruleg mykje, både fag og om meg sjølv. Eg er veldig glad for at det har vore både radio/tv/nett. Mangfaldet er både kjekt og nyttig. I praksistida har eg fått jobbe med mange dyktige og inspirerande folk. Å lære av andre sine erfaringar, medan eg sjølv får mine, er ein vanvitig fin måte å lære på. Eg har blitt stolt og glad i nynorsken min, og blitt endå meir klar over kor godt eit språk nynorsk er. Alt i alt er eg særskilt nøgd og glad for praktikanttida mi!

Guro Kvalnes:

-Dette har vore ei fantastisk reise inn i journalistikken. Læringskurva har vore bratt og til tider steil, men eg er utruleg takksam for alt som eg har fått med meg. Å lære ved å gjere er eitt av dei viktigaste kjennemerka ved Nynorsk mediesenter. Dette har vore svært viktig for meg. Ein må praktisere journalistikk. Mykje praksis, supplert med teoretisk påfyll i bakhand er ei magisk oppskrift.

Eg har trua på at uansett kva som skjer i framtida, uansett kor eg endar så tek eg med meg utruleg mykje frå Nynorsk mediesenter. Ikkje berre kunnskap og verdifull arbeidserfaring frå journalistikken, men også kjennskap til meg sjølv og andre. På godt og vondt har ein pressa seg sjølv ut av det som har vore komfortabelt, inn i det ukjende. Eg angrar ikkje.

Liv Ragnhild Holdhus Sjursen:

- Det siste halvåret har eg lært grueleg mykje. Mange gonger for dagen vert eg kasta utanfor komfortsona og utfordra på nye ting eg skal lære kjapt, og attpåtil blir vurdert på korleis eg taklar det. Slik får ein verkeleg nye innsikter om seg sjølv. Det er «godtvondt», men det er ei himla sjølvutvikling i eit slikt opplegg, som eg er svært takksam for å ha vore igjennom.

Det har vore ei opplevelse å gå på NRK Nynorsk mediesenter. No er det knapt ei veke att til støttehjula blir fjerna og eg må stå på eigne bein som journalist. Framtida er uviss, men eg har fått ei supergod og grundig opplæring stappa med innhald og variasjon. Det har vore kjekt å vere nynorskpraktikant, og eg er viss på at eg uansett står stødigare med dette halvåret i bagasjen.

Programleiarar i Reiseradioen



For andre året på rad er det to tidlegare nynorskpraktikantar blant programleiarane/ reporterane i Reiseradioen i NRK P1 i sommar. Det er hallingen Ingunn Thon (1986) og sunnmøringen Karl Kristian Langeland (1984).

Thon gjekk på Nynorsk mediesenter i 2009 og har arbeidd i NRK Super etterpå. Siste året har ho gått på tekst- og skribentstudiet ved Westerdals i Oslo. Langeland gjekk på mediesenteret i 2010/11 og har arbeidd i NRK Sogn og Fjordane etterpå. Birte Njøsen Horne (1984) er ein av vaksjefane i Reiseradioen, også ho tidlegare nynorskpraktikant i 2005.

Nye faste jobbar

Tilsette i Dagsnytt og Dagsrevyen



Frå venstre: Katrine Nybø, Eline Buvarp Aardal og Vidar Eidhammer

– Eg har jobba beinhardt dei to siste åra for å bevise at eg fortener fast jobb, seier Katrine Nybø (1986). Ho og Vidar Eidhammer (1984) har endeleg sikra seg fast jobb i Dagsnytt. Eline Buvarp Aardal (1984) fekk jobb i Dagsrevyen same dagen.

Katrine Nybø var praktikant på det sekstande kullet i 2012. Etter Nynorsk mediesenter har ho jobba i Dagsnytt der ho hadde eksternpraksis. Arbeidsoppgåvene her varierer i alt frå reporter, programleiar og produsent, og mykje anna. Eline Buvarp Aardal var praktikant på det sjuande kullet og har arbeidd i Dagsrevyen dei tre siste åra. Vidar Eidhammer gjekk på det femte kullet med nynorskpraktikantar i 2006/07. Han har både arbeidd i NRK og teke meir utdanning etterpå. I dag er han produsent og programleiar i NRK Dagsnytt/ Alltid Nyheiter.

- Vegen frå fersk og nervøs praktikant til der eg er i dag i dag har vore læringsrik, spanande og artig, men også tøff og krevjande. Eg har jobba beinhardt dei siste to åra for å bevise at eg fortener ein varig plass på Marienlyst, noko som har vore tøft med så mange andre dyktige folk rundt meg. Det er deilig at det harde arbeidet har gitt resultat i form av at draumen eg har hatt i eit tosifra antal år endeleg har blitt til røyndom. Det er godt å vite at eg er sikra ei framtid i ei så spanande bedrift som NRK er, i ein redaksjon med så mange fine kollegaer og vener som eg har i Dagsnytt, skriv Katrine Nybø.

- Endeleg fekk eg beskjeden eg har venta på så lenge. Eg er så letta og glad! No har eg jobba i Dagsrevyen i tre og eit halvt år, og sjølv om eg har fått klare signal om at eg er ønska, er det noko heilt spesielt med å få formalitetane på plass. Vegen hit har vore lang og lærerik, og det har skjedd mykje frå eg var fersk praktikant, til praksistida i Her og Nå fylgt av supre år i NRK Sogn og Fjordane. Sia eg kom til Marienlyst har eg jobba hardt for å vise at eg er god nok. I takt med at tida har gått, har eg jo fått meir og meir lyst til å vere her. Eg trivst så godt i NRK, jobben er utfordrande og interessant, og alle dei flinke og flotte kollegaene eg har er til stor inspirasjon i arbeidskvarden, fortel Eline Buvarp Aardal.

Redaksjonsleiar i NRK ØkoPol

Svein Ove Hansli (1976) gjekk på det fyrste kullet med nynorskpraktikantar, i 2004/2005. Han arbeidde eit halvår i NRK Sogn og Fjordane, før han byrja i Dagsnytt og seinare Dagsrevyen. Der han har vore vaktsjef dei seinare åra. Denne veka vart Hansli tilsett som redaksjonsleiar i NRK sin redaksjon for økonomi og politikk, kalla ØkoPol.



Rune Alstadssæter (t.v.) overrekte blomster til Svein Ove Hansli (Foto: Jarle Roheim Håkensen/NRK)

- Eg gler meg til å vere med og leie ein av NRK sine viktigaste fagredaksjonar. Dagleg syter dei for at NRK leverer solid journalistikk om politikk og økonomi i radio, tv og nett, seier Svein Ove Hansli.

I den jobben får han nytte av den breie røynsla frå ulike delar av NRK. – Halvåret i Nynorsk mediesenter var starten på min karriere i NRK og mitt fyrste møte med etermedia. Dette gav meg ei solid plattform og stupbratt læringskurve vidare inn i jobbar i NRK, seier Hansli.

Redaksjonssjef i ØkoPol, Rune Alstadssæter, seier Hansli som vaktsjef i Dagsrevyen har vist god evne til å få fagleg sterke menneske til å jobbe saman i team. Som vaktsjef har han og vist interesse for fagområda økonomi og politikk, og som prosjektleiar for den store partileiardebatten i fjor klarte han å setje sin signatur på satsinga, seier Alstadssæter.

Nettredaktør i Norges Bondelag

Inger Johanne Sæterbakk (1981) gjekk også på det fyrste kullet med nynorskpraktikantar for ti år sidan. Etter det arbeidde ho i Norgesglasset på Tyholt, i NRK Troms og Finnmark og Kulturnytt, før ho vart informasjonsmedarbeidar ved Hålogaland Teater og seinare i Tromsø kommune. Fram til februar i år var ho leiar for Språkåret 2013, og 1. juni byrja ho som nettredaktør i Bondelaget.

- Eg har lyst til å jobbe i Bondelaget fordi eg har eit stort engasjement for landbrukspolitikk. Det er eit spennande fagfelt å formidle til omverda, og eg er veldig glad for å ha fått jobben, seier den ferske nettredaktøren i Norges Bondelag.



Det er litt av eit tidspunkt å bli ein del av bondeorganisasjonen på. Berre veker har gått sidan det var knallhard kamp kring jordbruksoppgjeret. Og berre dagar etter å ha starta i ny jobb er det landsmøte i organisasjonen. Med ei ny regjering som ynskjer å endre kurSEN på landbrukspolitikken, har landsmøtet fått ein ekstra nerve, seier Sæterbakk

I Norges Bondelag er det heldigvis ikkje nødvendig å kjempe for å få skrive nynorsk.

- Her får eg sjølvsgatt skrive nynorsk. Eg skal ha ansvar for drift, utvikling og vedlikehald av nettsida, i tillegg til andre kommunikasjonsoppgåver, fortel Inger Johanne Sæterbakk.

Litterær rådgjevar i «Leser søker bok»

Mona Vetrhus (1975) har nett byrja i ny jobb som litterær rådgjevar i foreininga «Leser søker bok», som arbeider for at alle skal ha tilgang på gode bøker. For å få det til gjev forreininga støtte til forfattarar, illustratørar og forlag som ynskjer å gje ut bøker tilpassa menneske med ulik evne til å lese. Studiar syner at ein av tre vaksne slit med å få med seg innhaldet i vanleg tekst. «Leser søker bok» støttar både faglitterære prosjekt og skjønnlitteratur

Vetrhus var nynorskpraktikant, i 2007. Etterpå arbeidde ho i Barnetimen og NRK Super, så jobba ho i Radio Norge og laga barneprogrammet «Popcorn», og kom attende til NRK og var programleiar i lyrikkprogrammet «Diktafon» i NRK P2. Ho er forfattar og har vore frilansjournalist dei siste åra.



Status for systertiltaket Nynorsk avissenter

Nynorsk avissenter i Firda byrja opplæringa av fyrste kullet, med fire praktikantar, i august i fjor og har fått fram åtte nynorskbrukande journalistar, som hevdar seg godt i avisredaksjonar rundt i landet. Den fyrste som fekk fast jobb var Ina Eirin Eliassen, i avis Sunnmøringen på Stranda.



Nynorskpraktikantane frå Nynorsk avissenter og NRK Nynorsk mediesenter på Aasentunet i Ørsta.

Trass i krisetider i avisene har også dei tre andre på fyrste kullet arbeid, og det andre kullet er no ute i praksis. Føremålet med Nynorsk avissenter er å styrke rekrutteringa til nynorskavisene.

Firda Media er klar til å gjere prosjektet om til ei ideell stifting og har søkt Kulturdepartementet om støtte til drifta. Svaret kan bli avgjerande for den vidare drifta av Nynorsk avissenter.

Arve Sandal har vore prosjektleiar og har drege Nynorsk avissenter godt i gang. Han er svært nøgd med dei gode tilbakemeldingane praktikantane har fått i avisene der dei har vore i praksis. Sandal sluttar i jobben 1. september, og Firda-journalist Ivar Longvastøl tek over som dagleg leiar for senteret.

Det tredje kullet i Nynorsk avissenter byrjar 25. august, samstundes med kull 21 i NRK Nynorsk mediesenter. Dei to opplæringscentera i Førde held fram samarbeidet om inntak, gjesteførelesarar og språkopplæring.

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar



Ingunn Solheim (1980), journalist i avdelinga for politikk og økonomi i NRK Nyhende, får Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar for 2014. Prisen er på 50.000 kroner og eit norsk kunstverk, og vert delt ut i Aasentunet fredag 27. juni.

- Det offentlege ordskiftet er med på å danne grunnlaget for eit fungerande folkestyre. I jubileumsåret for Grunnlova er juryen stolt over å heidre ein nynorskbrukande journalist med ei stadig meir sentral rolle i den opplyste debatten, heiter det i grunngjevinga frå juryen.

- Ingunn Solheim har som programleiar med eit ledig, men trygt handgrep, losa sjåarane gjennom to val. Ho var òg eit solid ankerfeste under direktesendingane frå 22. juli-rettssaka, der ho nytta kunnkapane sine både som jurist og journalist til å gjere jusspråket forståeleg for folk flest, seier leiар for juryen, Håkon Haugsbø.

Juryen meiner Ingunn Solheim er svært stø i språket sitt, og at ho kombinerer og balanserer dialekten sin og normert nynorsk godt. Trass i at ho ofte intervjuar politikarar på direkten, er det sjeldan at bokmålsorda og byråkratspråket snik seg inn.

Kulturdepartementet peika ut ny jury i fjar. Der er Håkon Haugsbø leiар. Han er kommunikasjonssjef i Kirkens Nødhjelp, og han har med seg Agnes Ravatn, forfattar og journalist i Dag og Tid, og Svend Arne Vee, redaktør i Firdaposten i Florø. Leiар for NRK Nynorsk mediesenter, Magni Øvrebotten, er sekretær for juryen. Den oppgåva gav departementet i gáve til mediesenteret ved starten for 10 år sidan.

Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som brukar språket, og som er eit føredøme for andre. Prisen vert gjeven til ein dyktig journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i norske medier, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område. Vinnaren får 50.000 kroner og eit norsk kunstverk.

Markering av tvisynet

Prisen vert delt ut under Dei nynorske festspela i Ørstafredag 27. juni, i programposten «Medietimen» på føremiddagen. Nynorsken har vore ein viktig del av demokrati- og nasjonsbygginga i Norge, og den første moderne norske journalisten var Aasmund Olavsson Vinje. Under prisutdelinga deltek sambygdingen hans, Aasmund Nordstoga, med forteljingar, songar og dikt av han som sette ord på tvisynet, ein viktig eigenskap i journalistikken.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 26. juni 2014 har vi sendt frå oss 100 nynorskpraktikantar, og 72 % av dei arbeider heil- eller deltid i media. 60 arbeider i NRK. Totalt har 37 fått fast arbeid i media, 30 av dei er i NRK.

NRK har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram og på nettet. Til dømes i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Kulturnytt, Nitimen, NRK P3, NRK.no og ved distriktskontora i Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Det er også folk herifrå i avisene Drammens Tidende, Telemarksavisa, Møre-Nytt og Dagens Næringsliv. Vidare er det tidlegare nynorskpraktikantar i TV2, P5 og i ulike videoselskap.

Ni arbeider som informasjonsfolk og rådgjevarar i Språkrådet, Forbrukarrådet, Norges Bondelag, Skatt Vest, Røde Kors, Gardermoen, Changemaker, Norske Kunstforeninger og i Barne- og likestillingsdepartementet.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei arbeider, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 19: 19. august 2013 – 28. februar 2014



Frå venstre: **Eirik Hildal** (1985), vikar i NRK Sogn og Fjordane, **Britt Kristin Ese** (1985), vikar i NRK Hordaland, **Idun Fivestad** (1987), er lærar, **Tale Hauso** (1991), er vikar i NRK Hordaland og **Lars Ivar Nordal** (1986), vikar i Kulturnytt NRK P2.

Kull 18: 3. januar til 30. juni 2013



Vegar Tjørhom (1987) har sommarjobb i NRK Urix, **Adalheidur Oldeide** (1988) er vikar i NRK Hordaland, **Inger Johanne Ruset** (1985), er vikar i NRK Møre og Romsdal, **Hanne Våge** (1992) sommarjobb i P3-nyhenda, **Trond Espen Bjoland** (1993) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland.

Kull 17: 20. august 2012 til 28. februar 2013



Kjersti Hetland (1985) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland. **Marte Halsør** (1988) er vikar i NRK Dagsnytt. **Tale Høyem** (1990) er formidlar i Dag og Tid, **Jon Bolstad** (1987) er vikar i NRK Hordaland, **Stine Kyrkjebø Johansen** (1990) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane.

Kull 16: 3. januar til 30. juni 2012



Hans-Olav Rise (1991) er sommarvikar i NRK Møre og Romsdal, **Ingunn Rauk** (1983) er tilkallingsvikar på Marienlyst. **Raymond Lidal** (1986) er frilansar og masterstudent i Jemen. **Katrine Nybø** (1986) vikar i NRK Dagsnytt og **Wilhelm Støylen** (1980) vikar i NRK Møre og Romsdal.

Kull 15: 22. august 2011 til 29. februar 2012



Sondre Dalaker (1992) er sommarvikar i NRK Sogn og Fjordane, **Susanne Egset** (1989), er informasjonsmedarbeidar på Oslo lufthamn. **Maria Pile Svåsand** (1986) er frilansar, **Agnese Bremere** (1988) er sjølvstendig næringsdrivande og **Lars Erik Andreassen** (1991) er sommarvikar i Her og Nå.

Nynorskpraktikantane har prioritet

NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe har vore rekna som strategiske rekrutterings-tiltak sidan 2008, då FleRE starta, og det vart innført tilsettingsstopp i NRK. For å sikre at «barnet ikkje vart kasta ut med badevatnet», har praktikantane hatt prioritet til stillingar dei er fullt ut kvalifisert for i tre år, etter avslutta opplæring.

Formuleringa har vore skiftande, og dette er gjeldande formulering. Ved juletider 2013 vart «hovudregelen» utdjupa med kommentarar. I retningslinene for bemanningskontroll 1. oktober 2013 står det:

« NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søker i tre år etter gjennomført program, og de skal ges prioritet til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for. »

Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Sàpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige»

Kommentarer og utdyping

Dette innebærer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som mål å øke andelen nynorskbrukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. Søkere fra våre strategiske tiltak har følgende muligheter:

- De kan søke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.
- Eksterne ansettelser i faste stillinger må godkjennes i direktørmøtet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRe, da disse regnes som interne.
- Ved eksternt utlyste stillinger skal de prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for foran vikarer og andre eksterne søker.
- Kvalifiserte flerkulturelle søker (og alle kvalifiserte søker for øvrig i NRK) skal alltid tas inn til intervju (NRKs mangfoldstrategi fra 2011).

FAKTA OM TRE TILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Leiar: Magni Øvrebotten. Senteret er modell for dei to andre.

NRK FleRE – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013. Bak tiltaket står Avishuset Firda, Amedia, Vinjefondet, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane. Samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Arve Sandal.